



Fjord  
kommune

# Årsplan for Dalsbygda barnehage

2021 - 2022

# Innhold:

- S. 3 –Velkommen til barnehagen
- S. 4 - Kontaktinformasjon
- S. 5 - Lisjeavdelinga
- S. 6 – Storeavdelinga
- S. 7 - Foreldresamarbeid
- S. 8 - Barnehagen som pedagogisk virksomheit
- S. 9 – Utviklingsarbeid
- S. 10 – Barnehagelova, Rammeplan med fagområder
- S. 11 – 15 – Fagområda
- S. 16 – Dette gjer vi kvart år
- S.17 – 18 – Mål, planlegging, dokumentasjon og evaluering
- S. 19 – Førebygging mot mobbing
- S. 20- 21 - Sikkerheit og førebygging

# Velkommen til barnehagen.

- Barnehagen vart nystarta i januar 1994, og var i 2014 20 år. Den er fysisk knytt til skulen som eit tilbygg, der meiningsa er at verksemda skulle vere eit sambruksbygg med samarbeid delvis på tvers av skule- og barnehagegrenser. Barnehagen og skulen hadde felles uteområde, men barnehagen var avgrensa frå skuledelen med gjerde. No er skulen flytt til Eidsdal, og barnehagen disponerer delar av det som før var skule, og heile uteområdet.
- Utanom barnehagelokalet disponerer barnehagen deler av skulelokalitetane i 1.etasje.
- Dette er det største (før) klasserommet med tilgang til kjøkkenkrok.
- Dette rommet vil verte nytta heile veka av dei eldste i barnehagen. Dalsbygda barnehage har tilgang på naturterring og fjøre i nærmiljøet, og vi har høve til å ta oss turar til den kommunale leikeplassen. Vi har ein fin tursti opp til «Kvilet» som er ein av trimpostane i bygda. Like nedafor leikeplassen til barnehagen ligg fotballbanen. Den kan og nyttast i uteleiken. Vi har høve til å gå på gardsbesøk då Norddal er ei jordbruksbygd. Serviceinstitusjonar/institusjonar som butikk, kyrkje og Petrines Gjestgiveri ligg òg i nærmiljøet. I år mottok bygda og Herdal Kulturlandskapsprisen, vi er stolte av å ha barnehagen vår liggende i ei slik flott bygd.



# Kontaktinformasjon:

- **Lisjeavdelinga:**

Pedagogisk leiar: Ann-Kristin Lunden

(kontortid: tysdag 08.00-10.30, onsdag 08.00-11.00)

Tlf kontor: 41867887

avdeling: 41867888

Epost: [Ann-Kristin.Lunden@fjord.kommune.no](mailto:Ann-Kristin.Lunden@fjord.kommune.no)

- **Storeavdelinga:**

Pedagogisk leiar: Iselin Bustad

(kontortid: onsdag 08.30-14.00)

Tlf kontor: 41867887

avdeling: 41867889

Epost: [Isein.Bustad@fjord.kommune.no](mailto:Isein.Bustad@fjord.kommune.no)

- Styrar: Ingrid Marie Relling

Epost: [Ingrid.Marie.Relling@fjord.kommune.no](mailto:Ingrid.Marie.Relling@fjord.kommune.no)

Tlf: 41867886

## Åpningstid:

Barnehagen åpner kl. 07:00 og stengjer kl. 16.30, vi ber foreldra respektere stengjetida. Personale har avtalar, ymse dei skal rekke etter stengjetid. Det vil seie at foreldra bør vere her 16.20.

Mellom 09.30 – 11.00 (11:30), legg vi opp til organiserte aktivitetar, så til vanleg bør barna vere i barnehagen til dette tidspunktet. Det vil seie til kl.09:30. Om oss går på tur/har ein anna aktivitet som vi treng litt ekstra tid til, kan oss starte opp med den i 09:30-tida. Då vil det stå på vekeplanen. Elles ber vi om å få melding viss barna ikkje kjem, då det kan ha innverknad på det vidare oppleget for dagen. (personalressurs som kan vurderast, turar o.l.).

# Lisjeavdelinga

## • Personale:

- Ann-Kristin Lunden, pedagogisk leiar. 100% stilling.
- Lindis Marie Nydal, barne og ungdomsarbeidar. 70% stilling.
- Margaret Orvik Eide, barne og ungdomsarbeider. 100% stilling.
- Marion Dyrvik Homlong, vikar og ekstrahjelp.

## • Litt om Lisjeavdelinga:

- Dette barnehageåret er det 7 barn på avdelinga. Dei er i alderen 1 år til 3 år.
- Dei tilsette på avdelinga legg vekt på å skape eit trygt og forutsigbart miljø for barna. Dei yngste i barnehagen har eit grunnleggande behov for tryggleik, stabilitet og at dagane er forutsigbare. Det er ei forutsetning for utvikling og livsmestring. Å skape tryggleik for det enkelte barnet gjør vi ved å legge til rette for at barnet får muligkeit til å utvikle ein tilknytningsrelasjon i barnehagen. Forutsigbarheit skapast ved å ha faste rutiner for måltid, kvile, bleieskift, leik og aktivitet. Trygge og forutsigbare kvardagar er veldig verdifulle for barn sin trivsel og utvikling. Stabilitet vert skapt gjennom stabile relasjoner, få og stabile vaksne som er tilgjengelige for barna i alle situasjonar i barnehagekvardagen.
- Dei vaksne er med på å utvikle seg gjennom utviklingsarbeid, med fokus på vaksenrolla og pedagogisk bruk av digitale verktøy.

## • DAGSRYTME:

- 8.00-09.00: Frukost for dei som ikkje har ete heime.
- 9.00-10.30: Leik og aktivitet
- 10.30-11.30: Smørjemåltid
- 11.30-13.00: Bleieskift, do/pottestund og kvile.
- 13.00-14.00: Leik og aktivitet ute
- 14.00-15.00: Sistemåltid, bleiseskift og do/pottestund
- 15.00-16.30: Leik ute eller i gymsal



# Storeavdelinga

- Personalelet:

- Iselin Bustad, pedaogisk leiar 100% stilling
- Elisabeth Grønningsæter, barne og omsorgsarbeidar. 100% stilling
- Marion Dyrvik Homlong, vikar og ekstrahjelp

- Litt om Storeavdelinga:

- Dette barnehageåret er det 10 barn på Storeavdelinga frå 3-6 år. På onsdagar er der 3 barn på SFO ordning og annankvar torsdag er der eit barn på SFO.
- Dei eldste barna har førskulegruppe kvar veke der dei leiker, lærer og utforskar. Dei forbereder seg til overgangen frå barnehage til skule for å gjere skulekvardagen så forutsigbar som mulig.
- Det som er i fokus på Storeavdelinga er leik og læring, sosial kompetanse, vennskap og at alle skal vere ein del av eit fellesskap. Alle skal kjenne at dei er viktige i gruppa.

- DAGSRYTME:

- **8.00-09.00: Frukost for dei som ikkje har ete heime.**
- **9.00-10.00: Frileik**
- **10.00-11.00: Aktivitet**
- **11.00-11.45: Smørjemåltid**
- **12.00-14.00: Leik og aktivitet ute**
- **14.00-15.00: Sistemåltid**
- **15.00-16.30: Leik ute eller i gymsal**



# Foreldresamarbeid:

- Den daglege kontakta med foreldra er viktig. Gjennom jamn kontakt gir vi meldingar til kvarandre og vi utvekslar siste nytt. Er kontakten mellom heim og barnehage god, vil det ha ein positiv innverknad på barnet.
- **LOV OM BARNEHAGER**

## § 1 Formål

*Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bygge på grunnleggende verdier i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfrihet, nestekjærighet, tilgivelse, likeverd og solidaritet, verdier som kommer til uttrykk i ulike religioner og livssyn og som er forankret i menneskerettighetene.*

*Barna skal få utfolde skaperglede, undring og utforskertrang. De skal lære å ta vare på seg selv, hverandre og naturen. Barna skal få utvikle grunnleggende kunnskaper og ferdigheter. De skal ha rett til medvirkning tilpasset alder og forutsetninger.*

*Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommens egenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i lek og læring, og være et utfordrende og trygt sted for felleskap og vennskap. Barnehagen skal fremme demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering.*

Skrevet direkte av i bokmål-form

- **Foreldresamtalar:**

Det vil vere naturleg med ein foreldresamtale på hausten og ein tidleg på våren. Før samtalet vil foreldra få tilsendt eit foreldreskriv der Pedagogisk leiar gjer greie for kva som vert vektlagt i samtalet. Foreldra kan tenkje igjennom på førehand spørsmål dei lurer på, og supplere, stille spørsmål om det dei tykkjer er viktig i samtalet.

Det vert halde foreldremøte om hausten, og eventuelt eit om våren. Ein går gjennom årsplan, og elles informasjon om verksemda. Foreldremøtet på våren kan vere av meir faglig karakter då vi vil presentere eit tema som vi tykkjer er viktig å snakke med foreldra om og drøfte saman. Av og til kan vi også invitere inn personar frå andre instansar til desse møta.

Foreldresamarbeid omfattar òg kontakt med foreldrerepresentant i FAU.

Årsplan skal godkjennast i SU

# Barnehagen som pedagogisk virksomheit.

- Barnehagen er i følge Rammeplan for barnehagen ei pedagogisk virksomheit der samfunnsmandatet er å ivareta barn sine behov for omsorg og leik, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal tilby barn under opplæringspliktig alder eit omsorgs- og læringsmiljø som er til det beste for barnet. Dette skal gjerast i samarbeid og forståing med barnet sin heim.
- Det som er viktig for oss i barnehagen er at vi vaksne er i stadig utvikling. Vi er gode, men med stadig fokus på vår rolle i barnehagekvarldagen (vaksenrolla) vil vi utvikle oss og samtidig utvikle eit godt tilbud til kvart enkelt barn, til eit enda bedre tilbud. I alle situasjonar gjennom dagen er det **oss det kjem an på**. I måltidsituasjonen, i konfliktsituasjonar, i læringssituasjonar, i pottestunda, ved påkledning og i leiken er det oss vaksne som innehavar verktøy, kompetanse og muligheter til å gjere kvar situasjon så trygg, forutsigbar, lærande og god for kvart enkelt barn som mogleg. Det er pedagogikk det! Vi vil vere med på å skape trygge, robuste barn men hjarta fulle av mestringsglede og sosial kompetanse slik at dei er godt rusta til vegen vidare. Barna speglar oss og det er noko vi må vere bevisste på.
- Autoritativ vaksenstil: Den autoritative vaksne bygg opp ein positiv relasjon med barn og mestrer balansen mellom varme og kontroll. Den vaksne ser barnet sitt perspektiv og har medverknad i fokus. Krav vert sett utifrå barna sine forutsetningar, og den vaksne utøver positiv grensesetting. Vaksenstilen er prega av varme og respekt for barna.
- Vi skal vere anerkjennande, sensitive, vi skalta barnet sitt perspektiv, vi har ansvar for relasjonen, vi tenkjer på medverknad, vi skal vere tydige og forklare grensene vi setter for barna, vi skal hjelpe barna å sette ord på kjensler og vi skal ha rutiner.
- Finne balansen mellom varme og kontroll, gi tryggheit og gode rammer, vere ein forutsigbar vaksen.



# Utviklingsarbeid

- Vi har jobba med og vil fortsette å jobbe med vaksenrolla og språkutvikling, men i år skal vi vere med på REKOMP →Digitale verktøy i barnehagen.
- «*Regional ordning for kompetanseutvikling i barnehage skal bidra til at barnehagar utviklar sin pedagogiske praksis gjennom barnehagebasert kompetanseutvikling. Ordninga er ein av fleire verkemiddel som skal sikre at alle barn skal få eit likeverdig barnehagetilbod av høg kvalitet.*»
- **Rammeplanen** for barnehagens innhald og oppgaver seier at:  
*Barnehagens digitale praksis skal bidra til barnas lek, kreativitet og læring. Ved bruk av digitale verktøy i det pedagogiske arbeidet skal dette støtte opp om barns læreprosesser og bidra til å oppfylle rammeplanens føringer for et rikt og allsidig læringsmiljø for alle barn.*
- Då vi ikkje vil ha tre separate utviklingsarbeid på gong samtidig, valde vi å lage ei problemstilling som omhandlar alle.
- «**Korleis kan bevisstheit rundt auka bruk av digitale verktøy og vaksenrolla i barnehagekvarldagen bidra til auka språkutvikling i barnegruppa**».
- Kvar avdeling opparbeider ein plan over korleis implementere utviklingsarbeidet i si barnegruppe.
- Lisjeavdelinga vil fokusere på vaksenrolla i bruken av nettbrett med tanke på språkutvikling.
- Storeavdelinga vil fokusere på å bruke kamera saman med barna i språkstimulerande aktivitet.



# Barnehagelova, Rammeplan med fagområder

- Rammeplanen kan de lese på: <https://www.udir.no/globalassets/filer/barnehage/rammeplan/rammeplan-for-barnehagen-bokmal2017.pdf>
- Det er Barnehagelova og Rammeplan for barnehagens innhold og oppgaver som legg føring til vårt arbeid i barnehagen.
- «*Verdigrunnlaget til barnehagen skal formidlast, praktiserast og opplevast i alle delar av det pedagogiske arbeidet i barnehagen. Barndommen har ein eigenverdi, og barnehagen skal ha ei heilskapleg tilnærming til barna si utvikling. Samfunnsmandatet til barnehagen er, i samarbeid og forståing med heimen, å vareta barna sitt behov for omsorg og leik og fremje læring og danning som grunnlag for ei allsidig utvikling. Leik, omsorg, læring og danning skal sjåast i samanheng. Det går fram av barnehagelova § 1 at barnehagen skal byggje på grunnleggjande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, åndsfridom, nestekjærleik, tilgiving, likeverd og solidaritet – verdiar som kjem til uttrykk i ulike religionar og livssyn, og som er forankra i menneskerettane. Alle barnehagar skal byggje på verdigrunnlaget som er fastsett i barnehagelova og i internasjonale konvensjonar som Noreg har slutta seg til, slik som FN-konvensjonen av 20.november 1989 om rettane til barnet (barnekonvensjonen) og ILO-konvensjonen nr. 169 om urfolk og stammefolk i sjølvstendige statar.(ILO-konvensjonen).*
- *Å møte individet sitt behov for omsorg, tryggleik, tilhørslig og anerkjenning og sikre at barna får ta del i og medverke i fellesskapet, er viktige verdiar som skal speglast i barnehagen. Barnehagen skal fremje demokrati, mangfold og gjensidig respekt, likestilling, berekraftig utvikling, livsmeistring og helse. Noreg har, med bakgrunn i dei særlege rettane til urfolk, ei særleg plikt til å verne om interessene til samiske barn og foreldre, jf. Grunnlova § 108, barnekonvensjonen art. 30 og ILO-konvensjonen. Samiske barn i barnehage skal få støtte til å bevare og utvikle språket sitt, kunnskapen sin og kulturen sin uavhengig av kvar i landet dei bur.» Rammeplan for barnehagens innhold og oppgaver.*
- Med utgangspunkt i Barnehagelova, skisserer Rammeplanen opp 7 fagområde som skal fungere som ei fagleg ramme for det vi skal halde på med:
  - Kommunikasjon, språk og tekst
  - Kropp, rørsle, mat og helse
  - Kunst, kultur og kreativitet
  - Natur, miljø og teknologi
  - Etikk, religion og filosofi
  - Nærmiljø og samfunn
  - Mengd, rom og form

# Fagområda:

## • Kommunikasjon, språk og tekst

- *"Tidleg og god språkstimulering er ein viktig del av barnehageinnhaldet. Kommunikasjon skjer i eit vekselspel mellom å ta imot og tolke ein bodskap og å sjølv vere avsendar av ein bodskap. Både den non verbale og den verbale kommunikasjonen er viktig for å utvikle eit godt munnleg språk.*
- **Metodiske opplegg og hjelp i arbeid med språk på forskjellege område:**
  - Fast høgtlesing
  - Bibliotek på barnehagen (mediateket)
  - Individuelle opplegg for å lære norsk
  - Samarbeid med PPT og logoped tenesta
  - Tras –skjema/rettleiing
  - Tekstskaping
  - Språkløyper.
- **Nynorsk i barnehagen**
  - Fjord er ei nynorsk kommune, og vi er pliktig å skrive nynorsk.
  - Vi har ein del nynorske bøker/songbøker frå då «Blåmann-bokklubben» eksisterte.
  - Vi nyttar helst nynorske song-tekster, men har ein del song/musikk cd-ar med bokmål. Vi oversett mykje til nynorsk, men ikkje alltid.
  - Vi har og hatt eit samarbeid med mål-laget i kommunen, der oss samarbeida om å ta vare på den nynorske kulturarven. Mållaget har sponsa innkjøp av nynorsk bøker til barnehagen.

## • Kropp, rørsle, mat og helse:

- *«Gjennom kroppsleg aktivitet lærer barn verda og seg sjølv å kjenne. Ved sanseinntrykk og rørsle skaffar barn seg erfaring, dugleik og kunnskapar på mange område. Dette er og viktig for utviklinga av sosial kompetanse. Godt kosthald og veksling mellom aktivitet og kvile er viktig for å utvikle ein sunn kropp». Barnehagen skal bidra til at barna blir kjende med kroppen sin, og få ei positiv oppfatning av seg sjølve, og bli kjende med eigne kjensler. Likeeins verte verta bevisst på eigne og andre sine grenser.» Rammeplanen*
- Vi er ute ca. 2 timer fast kvar dag. Om det er tur og organiserte aktivitetar ute, vert ute tida lengre. Foreldre og personale er einige om at barna treng mykje ute-tid, og då ute- tid som inneber opplevingar og fysisk utfalding. Vi har fleire turmål vi kan nytte, og heilt nært i nærmiljøet har oss t.d fotballbana. Den kan oss ta i bruk til ymse aktivitetar med ball og forskjellig leik/leikar. Der kan oss og ha skigåing når snøen kjem, om det vert snø-vinter. I planane for korleis vi legg opp veka har dei eldste fast turdag på tysdagar og dei yngste går turar i nærområdet.
- I tillegg til å gå turar og å bruke uteområdet har vi tilgang på gymsal. Denne tar vi i bruk kvar veke, vi leiker, brukar kroppen saman med musikk og utfordrar oss sjølve til å meistre nye ting og fremje den motoriske utviklinga til barna.
- For å gje barna innspel og ny inspirasjon i leiken set vi i gong med leik og dramatisering ute. Med jamne mellomrom tek vi ikkje ut syklar /leiker med ein gong vi kjem ut, for på den måten å stimulere fram litt meir kreativ leik, og unngå passivitet. Viktig å bruke heile kroppen, nytte skogen, plenen, klatre i tre, ball leik på fotball-bana og småturar.



Fjord  
kommune

# Fagområda:

- **Kunst, kultur og kreativitet**

- *"Barnehagen må gi barn høve til å oppleve kunst og kultur og til sjølve å uttrykke seg estetisk. Å vere saman om kulturelle opplevingar og gjere eller skape noko felles, bidreg til samhøyrsle". Rammeplan.*
- Barnehagen må legge til rette for å vidareutvikle dei kreative prosessane og uttrykka til barna. Ha respekt for barnekulturen, lage samarbeid og møte mellom generasjonar, tilrettelegge for opplevingar og møte med folk og natur i nærområdet.
- Barna må få høve til å; utfalde seg i leik og frie/planlagde aktiviteter, ta i bruk musikk og dans i tilknyting til organiserte aktivitetar, fri aktivitetar og markeringar, bruke norsk musikk og dans, og til ulike nasjonalitetar frå barnehagen, fremme eiga kulturell tilhøyrsle.
- Barna skal få nytte ulike teknikkar, materiale, verktøy og teknologi til å uttrykkje seg estetisk. Dei vaksne skal vere lyttande og merksame på dei ulike kulturelle uttrykka til barna. Td. vise lydhøyreheit i leik og dramatiseringar og nedskriving av barns forteljingar og eventyr. Vi skal ta i bruk digitale hjelpemiddel i kreative prosessar.



# Fagområde:

- **Natur, miljø og teknologi**
- *"Naturen gir rom for eit mangfald av opplevingar og aktivitetar til alle årstider og i all slags ver. Det er eit mål at barna skal få ei gryande forståing av kor viktig ei berekraftig utvikling er". Rammeplan.*
- Storavdelinga har gjennom heile året faste turar i nærmiljøet på tysdagar, der dei besøker forskjellige plasser i bygda. Dei er ofte nede ved fjorden, på leikeplassen, i skogen og på fotballbana. Det er få stadar som egnar seg så godt til leik, læring og mestring som uteaktivitetar i skog og mark. Barna lærer korleis vi bruker og samtidig tar vare på miljøet og naturen.
- I høve trafikk tryggleik bruker vi NAFFENs trafikkboks. NAFFEN er ei løve som bur saman med vennane sine i NAFdal. I NAFdal skjer det mykje rart som handlar om trafikk tryggleik. Borna får lære om dei viktigaste tema i trafikken på ein kjekk og spanande måte.
- **NAFFEN SINE TRAFIKKREGLAR** -både for vaksne og barn.
- **BLI SETT.** Lys og refleks hindrar at du vert påkjørd.
- **VER SIKRA.** Barnesete, bilbelte og hjelm hindra at du vert skada.
- **VIS RESPEKT.** Reglar, skilt og trafikklys er der for di sikkerheit.
- **GJER SOM EG GJER.** Vis andre at du både kan og vil oppføre deg smart i trafikken.
- Det er viktig at barna får stille spørsmål, reflektere og lage eigne forklaringar på problemstillingar og til å delta i samtalar om det dei har erfart og opplevd.
- Vi er mykje ute i naturen og lærer og om forskjellige dyr og insekt. Vi har fått moglegheit til å lære nyttige ting om bier, Vi kan få vere med når lokale fiskarar kjem i land med garn, vi kan få lære om og delta i å sløye fisk for så å lage måltid i barnehagen.
- Vi har vekstkasser i barnehagen, der plantar vi forskjellige planter og grønsaker, desse plukkar vi på hausten og brukar i matlagning. Her er det mykje læring; frå frø til plante, korleis ta vare på vekstkassene, kva veks der, korleis ser dei forskjellige grønsakene ut og kva kan vi bruke dei til.
- Vi har 6 bøker om "Kråkeungen Knas" som og tek for seg natur/skog og dyr i dei ulike årstidene. Kråkeungen Knas tek vi fram i periodar, passar godt til å belyse læring som går på årstider/natur og dyr.
- Vi resirkulerer plast, papir og matavfall i barnehagen.



# Fagområde:

## • Etikk, religion og filosofi

- "Etikk, religion og filosofi er med på å forme måten vi oppfattar verda og menneska på, og pregar verdiar og haldningars. Noreg er i dag eit multireligiøst og fleirkulturelt samfunn. Barnehagen skal reflektere og respektere mangfaldet som er representert i barnegruppa, samtidig som han skal ta med seg verdiar og tradisjonar frå den kristne kulturarven". Gjennom å samtale om og undre seg over eksistensielle , etiske og filosofiske spørsmål skal barn få høve til sjølve å formulere spørsmål, lytte til andre, reflektere og finne svar. Slik skal barnehagen bidra til å leggje grunnlag for kritisk tenking og dømmekraft. **Rammeplan.**
- Vi formidlar julebodskapen gjennom video eller gjennom biletbøker og samtale. Vi tek og fram julekrybba vår. Vi nyttar mykje av tida til organisert aktivitet der vi lager litt bakst til julen. Vi vil legge vekt på at vi ikkje skal feire ferdig julen på førehand i barnehagen. Vi vil at det skal vere ei roleg og fin førjuls-tid, der vi kosar oss med forteljingar, aktivitetar og samtalar. Vi har og nedtelling fram mot jul med julekalender.
- Vi markerer fastelavn med å lage fastelavnsris og bollar. Vi les opp nokre historier knytt til gamal tid. Historiene fortel litt om opphavet til fastelavnsriset. Påskebodskapen blir formidla gjennom video og forteljingar om påske, knytt til notid ved hjelp av bøker med tekst og bilete. Vi nyttar ein del tid til organisert aktivitet der vi lagar påskepynt.
- Vi markerer ulike nasjonaldagar som er knytt til barna i barnehagen. Personalalet gjer seg kjend med korleis dagen vert feira i det aktuelle landet og i barnehagen feirar vi med flagg og eventuelt ein nasjonalrett. Barna kan og ta med seg noko dei vil vise frå det aktuelle landet, og vi gir rom for samtalar der barna får fortelje frå landet sitt.

## • Nærmiljø og samfunn

- «Barnas medverknad i kvardagslivet i barnehagen legg grunnlaget for vidare innsikt og erfaring med å delta i eit demokratisk samfunn. Gjennom utforsking, opplevelingar og erfaringar skal barnehagen bidra til å gjera barna kjende med sitt eige nærmiljø, samfunnet og verda.» **Rammeplan.**
- **Kyrkjetur haust og forsommar:** Vi vert invitert i kyrkja i høve hausttakkefest i oktober. Barna får sjå kyrkjerommet, snakke med presten , lære namn på dei ulike innreiingane, klede, osv. Barnehagen bruker å invitere presten og andre kyrkjelilsette på lunsj etter besøket. Om det er barn som ikkje skal være med i kyrkja, vert dette respektert, og det er eit parallelt tilbod til barna i barnehagen.
- **Butikk, «Buda»** Vi går turar på «Buda», barna får være med å handle, leggje i vogna, «lese» handlelapp/skrive handlelapp før dei går. «Buda» eller nærbutikken, er ein institusjon som er kjent for dei aller fleste barnehagebarna på Dalsbygda barnehage. Vi går nissemars ned til «Buda», og vi er ofte innom.
- **Andre plassar i nærområdet** Vi har og nytta høve å gå innom leikeplassen når det har passa, likeeins tur på Kyrkjemyra og Brynnstein. Fotballbana er så nær, at dit bør oss gå oftare. Vi tek med ballar, eller har leikar og frileik. Å gå tur opp på Kvilet er ein ynda tur på vår-sommar-haust.

# Fagområde:

- **Mengd, rom og form**

- Det vert lagt vekt på at barnehagen skal vere bevisst på at barna gjennom leik, eksperimentering og kvardags aktivitetar kan vi utvikle barnas matematiske kompetanse. Vi fokuserer på teljing, ordning, klassifisering og samanlikning gjennom å spele spel, teljemateriell, datotavle, bygging (byggemateriell), nabbing, mønster, sortering, klassifisering og samanlikning.
- Vi gir erfaringar med ulike typar mål, måleiningar og målereiskap, t.d. gjennom matlagning, og bruk av enkle mål. Fundere rundt avstand, vekt, volum og tid. Gjennom formingsaktivitetar vil vi gje barna impulsar og erfaringar med formar og mønstre. Vi vil styrke barnas nysgjerrigkeit, matematikkglede og lyst til utforsking og å forstå samanhengar. Personalelet skal vere lyttande og merksame i høve den matematikken barnet uttrykkjer gjennom leik.



# Faste årlege aktivitetar:


- To gongar i året bruker vi «Kroppen min eier jeg», eit verktøy utarbeida av Redd Barna til bruk med dei eldste i barnehagen. Verktøyet bruker vi for å lære barn til å sette eigne grenser for kroppen sin, forebyggende mot overgrep og overtramp.
- Vennskap: gjennomgåande tema heile året.
- Naffen, eit verktøy vi bruker på hausten for å lære barna om korleis ein beveger seg i trafikken, bruk av refleks og sikring i bil.
- Årstider; gjennomgående tema heile året.
- Gebursdag-markeringar med kronestol, is og aktivitetar t.d i gymsal
- Hausttakkefest - førebuing (barnehagen og kyrkja)
- Markering av brannvern veka veke38, Brannbamsen Bjørnis.
- Kosedyr eller «ta med dag» (barnehagen)
- Lucia-feiring (Barnehage-foreldre/besteforeldre)
- Adventsstunder (barnehagen)
- Nissemarsj og nissegraut og nisse song ved «Buda». ( barnehagen –foreldra o. andre)
- Juleverkstad (barnehagen)
- Markering av fastelavn. Vi baker fastelavnsbollar (barnehagen)
- Feitetsdag med eit måltid varm mat. (barnehagen)
- Karneval (barnehagen)
- Sommar avslutning som foreldrerådet er med og planlegg/hjelper til med. (Barnehage- og foreldre)
- Feiring av aktuelle nasjonaldagar. Vi markerer dagane, og lærer litt om dei forskjellige landa.

# Mål, planlegging, dokumentasjon og vurdering:

- **Månadsplanar:** Pedagogisk leiar lagar meir detaljerte planar ut i frå grovplan, gjennom månadsplan.
- **Kva Kvifor og Korleis:** I rammeplan står det formulert mål for ferdigheiter og haldningars. Desse kjem til uttrykk i grovplanen der ein finn formuleringar under tema og fagområde. Vi har ei evaluering i etterkant av kvar temabolk og kvart halve år. Det er bra om vi kan få tilbakemelding frå foreldre og, om dei har spesielle ting som dei tykkjer vi må få tilbakemelding på.
- **Kunnskapsmål:** Dei faktiske kunnskapane som barna treng/har behov for å lære. Desse kunnskapane styrkjer barnet si evne til tenking, språk og kunnskap om verda rundt seg.
- **Haldningsmål:** Dei haldningane, normene, verdiane og interessene som rammeplan / vi ynskjer at barnet skal tilegne seg.
- **Ferdigheitsmål:** Både praktiske og sosiale ferdigheiter som barnet treng å lære. T.d. evne til problemløysing, samarbeid, evne til å uttrykkje tankar og kjensler og praktiske ferdigheiter som t.d. ete sjølve, kle på seg m.m.
- **Handlingsmål:** Kva barnet får vere med på, t.d. gå på turar, gå på vitjing, aktivitetar.
- *"Den enkelte barnehage står fritt til å velje metodar og omfang ut frå lokale føresetnader og behov. Gjennomføringa av planane må vere så fleksibel at det er rom for spontanitet og medverknad frå foreldre og born. Det bør leggjast til rette for brei medverknad frå borna, foreldra, barnehagepersonalet og eigarane når ein planlegg, dokumenterer og vurderer den pedagogiske verksemda."* **Rammeplan.**
- **Korleis er planleggingsprosessen og evalueringsprosessen i barnehagen?**
- Planlegging av tema- folkane gjennom barnehageåret, er med utgangspunkt i kva føringerar som står i Rammeplanen/Barnehagelova. Pedagogisk leiar skal passe på at alle fagområda vert ivaretatt i grovplan gjennom året. Det vert og lagt vekt på å få med tradisjonar og forskjellige kulturelle innslag frå nærmiljøet i planarbeidet.
- *"Planlegginga må baserast på kunnskap om korleis barn utviklar seg og lærer, individuelt og i grupper, på observasjon, dokumentasjon og refleksjon"* **Rammeplan.**
- Ein må vere bevisst på å ikkje verte slavisk avhengig av planar. Om barnehagen skal vere lydhøre for barns medverknad og perspektiv, må vi kunne legge vekk planar og aktivitetar for ein dag/periode. Barna får vere med å bestemme i t.d. samlingsstund, der dei får vere med å uttale seg om kva dei har lyst å gjere i løpet av ein dag. Likeeins vil det oppstå situasjonar der barn kan vere oppslukt av ein leik, vi let dei leike og legg til sides andre planar eller ser vekk frå dagsrytma ei stund. Vi er og opptekne av at barns medverknad skal få plass i planane. T.d. dersom eit eller fleire barn er opptekne av eit emne, ei bok eller ein song bygg vi vidare på dette og lagar aktivitetar rundt emnet. Gjennom å stimulere leiken, gje barna nye innfallsvinklar og idear, halde på leik som barna tek initiativ til, vil medverknad oppfyllast, og ny læring skje.
- Foreldre får òg medverke i planprosessen gjennom foreldremøte/foreldresamtalar på vår/og haust.
- Har foreldra betraktnigar og ønske vil planleggar vere lydhør for desse.

# Mål, planlegging, dokumentasjon og vurdering:

- **Korleis kan vi dokumentere at barna lærer og utviklar seg i barnehagen?**
- Dokumentasjon vil kunne synleggjeraast gjennom foreldresamtalar. Desse samtalane legg til grunn observasjonar av barnet i barnehagen og heime. Pedagogisk leiar og foreldra informerer på kvar side om barnet si utvikling og mål og område vi vil jobbe/stimulere vidare med i høve barnet.
- Samtaler med barna der dei kan gje tilbakemelding på korleis dei trivast i barnehagen. Dette må det settast av tid til med jamne mellomrom.
- Å vise til bilete, forteljingar /tekstskaping er og med på å dokumentere det barnehagen heldt på med. Om barna gir positive tilbakemeldingar heime på at dei gjer noko som er viktig/kjekt/meiningsfullt i barnehagen, må vel det og vere dokumentasjon som seier noko om kvaliteten i barnehagen.
- Evaluering i personalgruppa., der vi går igjennom temabolkan, reflekterer og vurderer kva som kunne vore gjort annleis på bakgrunn av barna sine interesse, alder, behov osv. Evalueringa er skriftleg, og kan såleis vere ein dokumentasjon på kva vi jobbar med og korleis vi jobbar i barnehagen.
- Vi gjer evalueringar rundt rettleiingsdokumenta /refleksjonsskriv som vi fyller ut i personal-teamet vårt.
- **Spørjeundersøking blant foreldra:** Det vert oppmoda til å svare på ei spørjeundersøking for foreldra i november.



# Forebygging mot mobbing:

- **Mobbeplan**
- Barnehagane/skulane i Fjord kommune har ein eigen mobbeplan. Den er ein del av den lokale rammeplanen som styrarane frå dei tre barnehagane i kommunen har utarbeida.
- Barnehagen skal førebyggje mobbing. Men kva er mobbing?
- Mobbing blir definert ulikt, men nokre av trekka i ulike definisjonar er at det dreier seg om negative, fysiske eller psykiske handlingar utførte av ein eller fleire mot einannan. Han eller ho som blir utsett for erting, plaging eller utesetjing, er lett tilgjengeleg som del av eit fellesskap han eller ho ikkje har valt sjølv. Det er ubalanse i maktforholdet slik at det er vanskeleg å forsvare seg. Somme legg til at handlingane må ha ei viss hyppigheit og gå føre seg over tid, handlingane er planlagde eller vondsinna
- **Nyttige lenker:**
- Barne og familiedepartementet: <file:///K:/Dalsbygda%20Barnehage/Admininfo/2021-2022/Barnehagemilj%C3%B8/Mobbing%20i%20barnehagen%20-%20regjeringen.no.html>
- Utdanningsdirektoratet: <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/barnehagemiljo/> og <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/stottemateriell-til-rammeplanen/trivselsveileder/>
- Foreldreutvalget for barnehager: <https://foreldreutvalgene.no/fub/mobbing-og-krenkelser-i-barnehagen-hva-kan-vi-gjøre/>

# Sikkerheit og førebygging:

- **Sikkerheit –førebygging av ulykker og farlege situasjonar**
- Vi arbeider kontinuerlig med rutinar som skal førebygge ulykker
- **Det gjeldt:**
  - Bringe/hente situasjonar i høve å ha oversikt, stenge grinder, føre dagbok over barn som kjem vert henta, innhente informasjon om kven som hentar barnet om det er andre enn foreldre som hentar.
  - Passe på i overgangs-situasjonar der vi forflyttar oss frå ein stad til ein annan, rutine på å rekne borna før tur, under turen og når oss kjem att, rutine for uteleik. Personalet skal dele seg opp på dei ulike leikeområda for å sikre sikkerheita, og personalet si tilgjengelegheit overfor barna, rutine morgon, eller før uteleik, der ein tek eit overblikk over området, ser til at det ikkje ligg att «remediar» frå helg, eller fjerning av farlege vekstar som veks opp(t.d. sopp).
  - Brannvern veke med øving for barn og personale.
  - Brannvern med øving for dei tilsette.
  - Førstehjelpskurs kvart år ilag med Syltebøen barnehage.
  - Verne rundar, to gongar kvart år.
  - Ros analysar.
  - Digitalt avviksystem.
  - Repetisjon og oppfrisking av verksemda og kommunen sine planar:
    - \* brannvern instruks/m. tilleggs oppdatering på instruks.
    - \* Kriseplanar for barnehagar/skular.
    - \* Lokal rammeplan.

# Sikkerheit og førebygging:

- Ved kjøring av barnehagebarn i barnehagetida, skal bil vera Eu-godkjent, samt tryggingsutstyr i tråd med gjeldande forskrifter og reglar.
- Alle får utdelt samtykkeskjema som omhandlar fotografering og bildebruk, samt tryggleik kring køyring i barnehagetida.
- Vi har ikkje lov til å publisere biletar av barn med namn på nettet. Dette må også foreldre vere obs på ved besøk i barnehagen, i høve å ta biletar /videoar . Om foreldre legg ut noko på nett, må barna være anonymiserte, eller spørje aktuelle foreldre og barn om løyve.
- Vi oppdaterer oss i høve førebygging av mobbing i barnehagen gjennom kurs, samtale og lesnad av ymse litteratur (Sjå under mobbing i barnehagen)
- Vi bruker undervisningsmateriell for å forebygge og avdekke overgrep mot barn.
- Personalet har teieplikt.
- Personalet har opplysningsplikt til barnevernet.